

Referat frå årsmøte i HLF Årdal og Lærdal

Møtet vart halde på møterommet i Årdalshallen 23 februar 2016 kl 1700.

Det møtte 10 medlemmer til årsmøtet

Sakliste:

1. Innkalling og sakliste vart godkjend
2. Konstituering:
 - Til møteleiar vart vald Olav Wendelbo
 - Til skrivar vart vald Arne Hovland
 - Til å underskrive møteboka vart vald Signe Frosta og Gerd Skalle
3. Årsmelding og rekneskap. Olav gjekk gjennom årsmeldinga. Den var trykt opp og utlevert til medlemmene. Årsmeldinga vart godkjend. Olav gjekk gjennom rekneskapet. Det var ikkje revidert, men rekneskap med bilag vart lagt fram for medlemmene for tilgang til gjennomgang dersom det var ønskeleg. Rekneskapen vert levert autorisert rekneskapsfører 24 februar for revidering. Rekneskapen vart godkjend med forbehold om godkjenning frå revisor.
4. Val: Styret slik det har vore siste året vart attvald:
 - Leiar: Olav Wendelbo
 - Styremedlem: Patricia Seglem Lægreid
 - Styremedlem: Arne Hovland
 - Varamedlem: Per Melvin Olsen
 - I tillegg valde årsmøtet følgjande til valnemd for 2017: Steinar Frosta og Kåre Øyri
5. Innkomne framlegg:
 - Det vart frå styret sett fram forslag om godtgjerdsla til Patricia Seglem Lægreid for arbeidet med sal av batteri og slangar, samt arbeidet ho gjer ovanfor medlemmer og andre i samband med bruk av utstyr. Ho har fast ein time for veka på eldresenteret, Årdalstangen. Det vart løyvd kr 2000,- frå årsmøtet.
 - Pris på batteri. Prisen har vore uendra sidan 2003. Den er no kr 60,- for to ringar med batteri. Dette vart vedteke heva til kr 70,-.

Etter årsmøtet vart det opna for drøftingar og innspel frå årsmøtet. Årsmøtet spelte inn ein del saker som styret skal arbeide med i året som kjem:

- Møtereferat frå årsmøtet samt årsmelding skal sendast til Helg og Kvardag i Lærdal. Denne avisa har stort nedslagsfelt, og er ein god plass å gje informasjon ut til medlemmer og andre om vår aktivitet.
- Arne informerte om ønske om meir høyrselstesting. Årsmøtet er positive til tiltak for å auke bruken av dette.
- Årsmøtet ba styret arbeide med å få audiograf til ØNH avdelinga ved Lærdal sjukehus i ambulerande teneste. Dette er eit viktig punkt for å få gje eldre betra mogelegheiter til meir



effektiv tilpassing av hjelpemiddel. Slik det er i dag vil mange ikkje nytte dyrt utstyr då dei kvir seg for fleire lange reiser til Bergen, Førde eller andre stader der dei får tilpassa hjelpemiddel. Styret vil ha dette som ei sak dei arbeider vidare med i det komande året.

Møtet slutt kl 1805.

Arne Hovland

Skrivar

Gerd Skalle

Sign

Signe Frosta

Sign